

Eit vennleg Gol-samfunn

Vi vil vera ærlege, rause og ansvarlege. God økonomistyring er eit vilkår for kommunal handlefridom til beste for innbyggjarane. La oss dra lasset saman.

Fridom, kunnskap og framtid for dei unge

Barn skal ha gode, trygge og stabile oppvekstvilkår.

Eit klimavennleg samfunn: Tenk på miljøet

Vi må skape eit robust samfunn som er framtidsretta og bærekraftig. Energiøkonomisering og miljøtenking er heilt grunnleggande i eit slikt samfunn.

Varm velferd når du treng det


Det skal vere godt og trygt å bli gammal i Gol.

Eit kreativt og verdiskapende Gol-samfunn

Eit livskraftig næringsliv må heile tida få høve til vidareutvikling og nyskaping. Gol som reisemål må vidareutviklast og profilerast.

Eit samfunn for inkludering, integrering og kulturforståing

Golsamfunnet skal vera inkluderande og integrerande, men også stille krav og ha forventningar til alle innvandrarak.



Venstres kandidatar i Gol



1. **Hallvor Lilleslett** (51), rektor formannskapsmedlem sidan 2003.
"For å gi gode tenester må kommunen sin økonomi vera i balanse. Kulturen er limet i samfunnet".



2. **Helge Feet** (56), fastlege
Medlem i Utval for natur og næring "Vi treng eit levande og robust næringsliv"



3. **John H Johannessen** (56), lærar
"Frivillig lagsarbeid er grunnfjellet i bygdekulturen"



4. **Line M Nilsen** (35), lærar og sosionom.
"Ein god skule og barnehage skal gi utfordringar og gode basiskunnskapar."

5. **Sander Lilleslett** (19), student.
6. **Sigurd Ingimundardottir** (58), jordmor.
7. **Erlend Grubben** (30), selgar engros.
8. **Vlasta Sundmoen** (44), konsulent.
9. **Ole Martin Feet** (21), student.
10. **Per Drabløs** (61), lærar.

11. **Ingrid Marie Hammerstad** (60), turistvert.
12. **Gudrun Bøthun** (76), pensj. logoped.
13. **Åke Rosèn** (68).
14. **Anna Lilleslett** (84), pensj.lærar.

sjå også nettsidene våre.

www.gol.venstre.no

Eit levande Gol-samfunn



"Venstre prioriterer folk først. Menneske er viktigare enn systemet. Kommunen er til for innbyggjarane"

Hallvor Lilleslett
Venstres førstekandidat i Gol



venstre

Gol – ein grønn kommune i vekst

Venstre vil arbeide for klimavenlege løysingar i Gol kommune både når det gjeld bygningar og transport. Venstre ønskjer sentrumsnær busetting og fortetting av sentrumsområdet. Det skal framleis vera store område for kulturlandskap, skog og fjellområde i kommunen.

Venstre vil:

- ha eit fint handelssentrum for gåande og syklande.
- arbeide for eit betre kollektivtilbod i Hallingdal slik at pendling til og frå Gol kan gjerast med buss eller tog.
- at Gol kommune sine bilar skal ha elektrisk/hybriddrift.
- samle kommunal eigedomsforvaltning i Gol byggdift KF.
- legge tilrette turløyper for sommar- og vinterbruk frå sentrum og til fjells.
- bygge opp "Energifondet" til beste for næringsdrivande og privatpersonar og såleis stimulere til klimatiltak.
- lage plan for vern av gamle hus og kulturminne.



Kunnskap, leik, idrett og kultur

Barn og unge sine oppvekstvilkår er viktig for at familiar skal finne seg til rette og slå seg til i Gol. Barnehagen skal drivast med utdanna førskolelærarar. Skulen må få betre rammevilkår. Språkopplæringa for innvandrarbarn må styrkast.

Venstre vil:

- bygge ny skule på Hallingmo. Bygge kino- og kultursal.
- planlegge for vidare utvikling og utbygging på Hallingmo.
- betre barnehagetilbodet ved nybygging og modernisering.
- styrke språk- og kulturoplæring i barnehagen.
- sikre romslege friområder og leikeområder for barn.
- auke kvaliteten i skulen. Lærarane må få ta del i staten si satsing på "Kompetanse for læring".
- vidareutvikle kulturskulen og ungdomsklubben.
- knyte kunnskapsbasert næringsutvikling til Hallingmo gjennom å invitere høgskular i nærliggande regionar til samarbeid.

Helse, omsorg, menneskeverd

Livskvalitet handlar om å kunne ta eigne val og leva og bu i heimen sin så lenge som råd. Ei godt fungerande heimete-neste er naudsynt. Det skal vera gode velferdsordningar og aktivitetstilbod på dagtid. Tenestenivået skal tilpassast den enkelte brukar sine behov og ressursar. Sosialhjelpsmottakarar skal hjelpast ut i arbeidslivsretta aktivitet i større grad.

Venstre vil:

- arbeide vidare med nyorganisering av omsorgsavdelinga.
- styrke og utvikle Frisklivsarbeidet i Gol.
- at tenestene for psykisk utviklingshemma skal styrkast.
- styrke helsestasjonstenester for barn og unge.
- sikre psykisk helsevern som eit lågterskeltilbod.
- etablere lågterskeltilbod med miljøarbeidartenester.
- sikre gode legetenester i kommunen.

Eit kreativt og verdi-skapande samfunn

Eit levande lokalt næringsliv er drivkrafta i lokalsamfunnet. Det gir arbeid til folk og inntekter til kommunen. Ein sterk kommuneøkonomi er heilt grunnleggande for utvikling og vekst, god tenesteproduksjon og sosial tryggleik. I møte med gründerar og nyetablerarar skal kommunen sine folk vera positive og løysingsorienterte og hjelpe med å få ting til gjen-nom god samhandling.

Venstre vil:

- at det skal vera attraktivt å etablere seg i Gol
- at det skal tilsettast kommuneplanleggar
- sikre eksisterande verksemdar gode rammevilkår.
- gå inn for eit kommunalt tiltaks- og næringsutval.
- vidareutvikle det interkommunale samarbeidet i dalen.
- støtte frivillige organisasjonar økonomisk og administrativt
- ta initiativ til eit felles kulturråd mellom kommunen og frivillige organisasjonar

Gol Venstre sine representantar skal vera rause, ærlege, engasjerte, ansvarlege, framsynte og tolerante i sitt politiske arbeid